




Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143



Vår dato
14.01.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/15772 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13,5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - utsetjing av fristar for søknader og rapportering

Fylkesmannen har i brev av 22.desember 2014 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2015. Søknadsfristen var i brevet sett til 13.februar d.å. både for regionråda og for dei kommunane som søker direkte til Fylkesmannen.

I brev av 03.september 2014 har Fylkesmannen fordelt prosjektskjøn for 2014 med frist for rapportering til 01.februar d.å.

På grunn av skifte av skjemaleverandør hos Fylkesmannen, vil det gå noko lengre tid før nye elektroniske skjema kan bli tekne i bruk, både for søknader 2015 og rapportering 2014. Vi har også fått tilbakemelding frå eit regionråd om at det er ynskjeleg å få utsett søknadsfristen noko.

På denne bakgrunn blir både søknadsfristen for 2015 og rapporteringsfristen for 2014 forlenga til **fredag 13.mars d.å.** Søknadsfristen er den same både for regionråda og for dei kommunane som søker direkte til Fylkesmannen.

Det må ikkje bli rapportert eller søkt tidlegare enn ein måned før fristen.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.